



Ronny Lakselv skal lage ein kortfilm saman med dei unge.

Hobbyklubben i bedehuset har teke fatt på ein ny sesong og frammøtet på første treff måndag kveld var lovande: 30 var til stades og fordelte seg på dei fem gruppene modellfly, fjernstyrt bil, avis, spel og film. Hobbyklubben er for dei som går i femte klasse eller er eldre.

Filmgruppa er ei ny, spananande gruppe og TV-gründar Ronny Lakselv skal leia dei unge i produksjonen av ein kortfilm! Etter første kvelden er det ellers grunn til å slå fast at det trengs fleire journalistar til å laga Uskedalsposten.

Ei anna nyheit i haustsesongen er at kyrkjelydsekretær Oddbjørg Heimork har sagt seg viljug til å leia spelgruppa etter at ho har hatt konfirmantopplæring den same dagen..

Ellers er dei "gamle" leiarane på plass. Rune Hjørnevåg lærer dei unge å køyra fjernstyrte bilar, medan Erlend Moen er leiar for modellfly-gruppa, mellom anna med bruk av simulator. Avisgruppa blir leia av trioen Tore Mathiesen, Britt Torill M. Mathiesen og Ola Matti Mathisen.

Neste klubbkveld er måndag 17. september.



Det var bra fram møte i bedehuset på den første Hobbyklubb-kvelden